

Ekstraframsyningar av Askepott

«Eventyret om Askepott» gjekk på Volda Filmteater i helga, og interessa for filmen var stor. No vert det to ekstraframsyningar.

Historia om Askepott følger lagnaden til unge Ella (Lily James) og faren hennar, som giftar seg på nytt etter at mor til Ella dør.

Ella ynskjer den nye stemora (Cate Blanchett) og hennar datter Anastasia (Holliday Grainger) og Drizella (Sophie McShera) varmt velkomne inn i familien. Men då faren til Ella uventa dør, vert Ella degradert til tenestejente hos den nye familien sin, og dei gjev henne namnet «Askepott». Lukka snur då Ella møter den sjarmerande Kit,

uvitande om at han er ein verkeleg prins og ikkje berre ein lærling på slottet, slik han utgjev seg for.


– Filmen har vore overraskande populær, og vi har såleis valt å sette opp to ekstraframsyningar. Den fyrste kjem allereie på torsdag, fortel kinosjef Oddbjørn Røys, og syner til annonse. Kinofrafen held fram at han også har

vorte spurt om å sette opp filmen på engelsk, med norsk tekst.

– Dette ynsket har vi etterkomme, og laurdag vert det mogleg å sjå filmen på originalspråket, seier Røys.

LIV JORUNN NYHAGEN

* «Eventyret om Askepott».



God sesongstart for Volda-ryttarar



* Randi Maud Mork og Bakkens Odin deltok på sitt fyrste distriktsstemne saman i helga, og var nær plassering begge dagar.



* Den 15 år gamle hingsten Pokemann gjorde ein fin innsats under distriktsstemnet på Nordfjordeid, og tok heim sigeren i begge dei høgaste klassene på stemnet.

Fire ekvipasjar frå Volda reiste i helga til Nordfjordeid på distriktsstemne i dressurriding. For Randi Maud Mork (14) var dette debut på dette nivået.

Laurdag kom Mork på delt femteplass av tolv startande i LB1 med 58,333 prosent. Ho har berre hatt fjordhesten Bakkens Odin i eit knapt år, og var godt nøgd med dette resultatet. Søndag reid ekvipasjen inn til nok ein delt 5. plass i LB4, denne gangen av 13 startande. Dei oppnådde då 60,741 prosentpoeng, og dei er no kvalifisert til å delta i LB-dressurklasser under Fjordhest NM til sommaren.

– Randi er godt nøgd med stemnet, og gler seg til å reise ut å starte fleire gongar, seier ei minst like stolt og glad mamma, Linn Wangen Mork.

Pokemann til topps

Mork var den einaste som represen-

terte Volda rideklubb på stemnet, då voldingane Ida Kristine Standal og Liv Jorunn Nyhagen representerer Eid ride- og køyreklubb inneverande sesong. Standal reid laurdag inn til ein 3. plass i LA0 med 55,806 prosent, og søndag tok dei 4. plass i LA1 med 57,143 prosent. Nyhagen stilte til start med to hestar i dei høgaste klassene på stemnet; MB0 og MB4. I MB0 laurdag vart det 63 prosent og 1. plass med Pokemann, og 2. plass på 59,33 prosent med Thoke. Søndag vart det 1. plass med 64,5 prosent i MB4 med Pokemann, og Thoke følgde like bak på 2. plass med 61,5 prosent. Alle dei lokale ekvipasjane gjorde ein fin figur, og reid seg opp fleire prosent frå dag ein til dag to. Dette lovar godt for den vidare sesongen, og snart er det dukka for distriktsstemne på Rotevatn i Volda. Sett av helga 25.-26. april for å sjå lokale ekvipasjar kjempe om heider og ære på heimebane.

Ref.

Høgskule og sjukehus i fokus

Kristeleg Folkeparti (KrF) heldt fylkesårsmøte i helga. Programbehandling stod på plakaten, og høgskular og sjukehus var i fokus.

– Fylkesårsmøtet var lagt til Geiranger, og gjekk av stabelen fredag og laurdag, fortel fylkesleiar i Møre og Romsdal KrF, Arild Iversen. Årsmøtet vart besøkt av nestleiar i KrF sentralt, Dagrun Eriksen.

Vil sikre beredskapen

– Vi hadde fokus på programbehandling, sidan det er valår i år. Vidare vart det samrøystes vedteke at lokalsjukehusa skal ha fødeavdeling og akuttberedskap innan indremedisin, kirurgi og ortopedi. Dette er ei tydeleggjering av lokalsjukehusa si viktige rolle i Noreg, seier Iversen, som oppfattar dette som eit sterkt signal for å sikre beredskapen i heile fylket.

Fylkesårsmøtet formulerte elles ein resolusjon knytt til barneavdelinga ved Kristiansund sjukehus.

– Vi har fått tydelege døme på kva som skjer når helsetenester vert sentralisert, poengterer fylkesleiar. Fylkesårsmøtet hadde også oppe ei sak om høgskular.

– Det vart vedteke at profesjonsutdanningane ved høgskulane i fylket må sikrast, for å møte behova i regionen, held Iversen fram.

Sentraliseringstrend

Tradisjonen tru heldt fylkesleiararen tale til møtelyden, og Iversen tok føre seg den pågåande sentraliseringstrenden i sitt innlegg.

– Her nemnde eg fleire døme. Vi ser berre kva som er i ferd med å skje knytt til høgskular og sjukehus. Eg fryktar at ei ny politireform og overføring av skatteinnkrevjing



* Nestleiar i KrF, Dagrun Eriksen, tok del på årsmøtet. Her står ho saman med fylkesleiar Arild Iversen frå Volda. Alle foto: privat.

til staten vil føre til ytterlegare sentralisering, seier han, og held fram:

– Byane har stor appetitt som går på kostnad av omlandet. Ein bør støtte opp om kvarandre i større grad, for byane treng ikkje vekse på kostnad av omlandet. Eg mana til

større samhald mellom by og land.

Fylkesårsmøtet var godt besøkt, og kring 130 personar hadde funne vegen til møtet i Geiranger. Dei kunne gle seg over ei fersk nasjonal meiningsmåling, som tilsa at KrF vil få sju prosent

av røystene ved valet.

– Dette syner at KrF har ei viktig rolle å spele i politikken framover, seier Iversen.

LIV JORUNN NYHAGEN



Merk bileta dine med
#avisamøre
då vert dei vist
på mre.no

Møre
Avis for Sør-Sunnmøre

Tlf: 70 07 44 22
E-post: annonse@mre.no